



Ungdomsklubben er ein av brukarane av Gamleskulen

**3. februar er det årsmøte i Uskedal Utvikling i Gamleskulen og leiar Kristian Bringedal minnar om at eventuelle saker som skal takast opp må meldast inn minst ei veke før. På sakslista står elles dei ordinære sakene, som årsmelding, handlingsplan for driftsbudsjett for dette året, rekneskap for fjoråret, , årspengar og husleige for dette året og val.**

I samband med årsmøtet har vi bladd litt i gamle protokollar og det er interessant å sjå at det i samband med årsmøtet i 2004 - altså for 12 år sidan - vart gjeve ein presentasjon av Ospelunden Byggfelt. No er feltet endeleg under full utvikling og ein må nok en gong slå fast at det vert ikkje ridd den same dagen som ein salar! Imidlertid

vart feltet presentert allereie i 2000 og då vart det opplyst at det kanskje ville bli ein undergang under hovudvegen,,,,Året etter var reguleringa godt igang og midtsommers vart ein førebels plan lagt fram, men ein god del målarbeid stod att

Så les vi også at kjellaren i Gamleskulen er under rehabilitering - i rapporten for 1997.

Dei opphavelge planane er endra og ein går ut til alle som har gode idear eller ynskje om å vera med når det gjeld bruken. Det er ynskje om ein sambruksmodell, vert det opplyst, Er det ein aktuell ide også i dag?

Tekst og nett.Ola Matti Mathisen